

Arkivnr: 2017/654-19
Saksbehandlar: Sturla Binder, Roger Kvarsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.06.2017

Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) 2017**Samandrag***Føremål med ordninga:*

Tilskot til sogelag/historielag (lokalhistorisk arbeid) er open for alle sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre.

Ved søknadsfrist 15. mars 2017 var det komen inn 18 søknader. På budsjettposten 400.620 Ålmenne kulturvernføremål i årsbudsjettet for 2017 vart det sett av kr 153 000 til tilskot historielag. Retningsliner for tilskotsordninga vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 19.03.2015, jf PS 36/2015. Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025. Støttenivå er maks 30 000 kroner. I samsvar med vedtak i utvalet vart tilskotet til Hordaland sogelag på kr. 37 000 ført vidare som eit driftstilskot. Til saman er det difor kr. 116 000 å fordele i tilskotsordninga.

Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kulturansvar, og det har prioritert strengt ut frå dette og dei andre vurderingskriteria.

I vedlagt liste over søknader er det i tillegg til opplysningar frå søkjar gjeve ei kort grunngjeving i samband med avslag, og i nokre tilfelle ei tilråding saman med søknader som er innvilga.

Løyvingane skal stimulere til aktivitet, og sikre innbyggjarar rundt om i fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv, jmf Regional kulturplan PREMISS: KULTUR.

Generelt:	
Budsjett 2017:	153 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	15.mars
Vedtaks kriterier:	KIRU 19.03.15: PS36/2015
Kriterier og informasjon om ordninga:	http://www.hordaland.no/nn-

Våren 2017:	
Tal på søknadar:	18 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	13 søknadar
Samla søknadssum:	435 200 kroner
Tilrådd til fordeling:	116 000 kroner

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 116 000 kroner over budsjettpost 400.620, slik:

	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1	Askøy Kulturvern og Historielag	Den Historiske Skolesekken	0
2	Bømlo Tur- og Sogelag	Bergehuset - tett hus	0
3	Etne Sogelag	Innsamling og publisering av informasjon	9000
4	Fana Historielag	Årsskrift 2017	8000
5	Hordaland Sogelag	Driftstilskot til Hordaland sogelag	0
6	Interessegruppa for Hedleberget	Bok - Hedleberget frå arbeidarane si vinkling	8000
7	Kvam soge- og kulturminnelag	Jubileumsbok	8000
8	Kvinherad sogelag	Kvinhersminne Årbok XVIII	8000
9	Lindås sogelag	Registrering, digitalisering og publisering av arkiv og foto	20000
10	Os Sogelag	Tresko etter gamlemåten	3000
11	Radøy sogelag	Medlemsblad 2017 og registrering av fotosamling	8000
12	Sulo krins ve og vel	Digital bygdebok	8000
13	Sund sogelag	Havstrilen 2017	10000
14	Sunnhordland museum	Lengten etter far - lengten etter mor. Sunnhordland årbok 2017	0
15	Ulvik sogelag	Oppdatering av gards- og ættesoga for Ulvik	0
16	Vener av Mjøsvågen	Innsamling og registrering av foto og arkivmateriale om næringsverksemd rundt Mjøsvågen	10000
17	Voss Sogelag	Gamalt frå Voss	8000
18	Vossestrand Sogelag	Kulturhistorisk biletbok om Vossestrand	8000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.05.2017

Tilskot til sogelag er open for alle sogelag/historielag i Hordaland, evt. i samarbeid med andre. Det er søknadsfrist ein gong i året, om våren.

Ved søknadsfrist 15. mars 2017 var det komen inn 18 søknader som alle er handsama i denne saka. På budsjettposten 400.620 Almenne kulturvernføremaal i årsbudsjettet for 2017 vart det sett av kr 153 000 til tilskot historielag. Retningslinjer for tilskotsordninga vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 19.03.2015. Tilskotet til Hordaland sogelag, på kroner 37 000, vert ført vidare som årleg driftstilskot med grunnlag i vedtak, jf PS 36/2015. Til saman er det difor kr. 116 000 å fordele i tilskotsordninga.

Ordninga sitt føremål er å stimulere til, og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i samsvar med Regional plan for kultur 2015 – 2025. Ein har sett til prioriteringane som ligg i planen og tilhøyrande handlingsplan når ein har vurdert søknadane.

Midlane skal nyttast til tiltak som styrkjer lokalhistorisk arbeid som publikasjonar i form av artiklar, bøker, innsamling og registrering av foto og arkivmateriale, føredragsverksemd, utstillingar mm som vert utført av frivillige aktørar.

Støttenivå er maks 30 000 kroner. Det er sett krav om at søknaden må ha mål og framdriftsplan for prosjektet, budsjett, søknadssum, planlegging, evt. samarbeidspartar. Hordaland fylkeskommune har eit regionalt kultur-ansvar, og har prioritert strengt ut frå dette og dei andre vurderingskriteria.

Søkjarmengda har ein nedgang frå 30 i 2016 til 18 i 2017, og den samla søknadssummen er kr. 435 200. Tilskotsordninga vart gjort kjend m.a. gjennom våre faste nettverksmøte for privatarkiv, nettsider og informasjon pr. e-post. Det er utfordrande å finne parameter for å måle søkjarane opp mot kvarandre.

Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:

- a) ordinær drift
- b) investeringar i bygg, anlegg og utstyr
- c) reiseutgifter

Der er også kome inn ein søknad frå eit museum. Denne er ikkje prioritert, då dei fell utanfor ordninga. Vi har prioritert søkjarar med gode samarbeidsmodellar, i høve til målet om auka lokalhistorisk aktivitet. Der søkjarar ønskjer å ta i bruk digitale verkty, prioriterer vi dei som nyttar opne løysingar og anbefalte standardar. Det må gjerast merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. I vedlegget har fylkesrådmannen grunnngjeve tildelingane og avslaga. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunnngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsmengde.

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunnngjeving til kvar søknad.